



## Notat

Dato: 12.02.2015  
Arkivsak: 2014/15306-20  
Saksbehandlar: heihand

---

Til: Hanne Kathrin Vie

Frå: Heidi Handeland

---

### Vedrørande motsegn til kommuneplan, arealdel, Fjell kommune - innspel vedrørande kulturminneinteresser

Hordaland fylkeskommune viser til vår fråsegn til Fjell kommune sin kommuneplan, arealdelen, i brev datert 27.10.14. Fylkeskommunen har fremja fleire motsegnspunkt til kommuneplanen, der to av desse har bakgrunn i konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi viser òg til møte med kommunen 08.12.14. I møtet etterspurde kommunen tekst til føresegner og retningslinjer for ivaretaking av kulturminneinteressene omfatta av motsegnspunkta. Vi har følgjande innspel til føresegner for LNF-spreidd areal med høve for spreidd bustadbygging, og retningsliner til omsynssone c på Vindeneskvarven:

#### Føresegner til LNF - spreidd bustadbygging (del 5, pkt. 3 i føreseggnene)

Gjeld areal på Syltøy (innspel 280b) og Turøy (innspel 98c-d):

*Areal for LNF-spreidd busetnad på Syltøy og Turøy har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, særleg steinalderbuplassar. Søknad om tiltak i areal utanfor tunet (dvs. meir enn 25 m frå bustadhús) i desse områda skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser (KML §9).*

#### Vindeneskvarven

Det må leggast ei omsynssone c for vern av kulturmiljø på Vindeneskvarven (SOSI-kode H570) med same utstrekning som gjennomføringssone H810-74. Til omsynssona må det knytast følgjande retningsliner:

*I omsynssona er det kjent 30 automatisk freda kulturminne frå steinalder til mellomalder. Vindeneskvarven er eit kulturmiljø med stor tidsdjupne og med høg nasjonal kulturminneverdi. Det er potensiale for ytterlegare funn av automatisk freda kulturminne i området. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som er egna til å forringje kulturminne- og landskapsverdiane i området. Alle tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering, jf. KML §§ 3, 8, 9, PBL § 11-8, bokstav c.*

Ein kan gjerne oppretthalde omsynssone c H530-68 slik den er avgrensa i høyringsframleggget. Ein må i så fall inkludere følgjande i retningslinene del 7, pkt 4f (ny tekst uteva):

*Tilrettelegging for friluftsliv og landbruk i samsvar med arealformålet kan tillatast innanfor sonene dersom viktige økologiske funksjonar vert oppretthaldne. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak eller tilrettelegging som forringar kulturminne- og landskapsverdiane i omsynssona. Alle tiltak i*

***omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering, jf. KML §§ 3, 8, 9, PBL § 11-8, bokstav c.***